

# Turorienteringa i Førde 2021

Turorientering er ein aktivitet utan tidtaking og utan faste tur dagar. Du kan springe aleine eller gå saman med heile familien. Vi legg turorienteringa opp med enkeltpostar som kan tas i forskjellig rekkefølge. Det er fleire kart der postane har ulik vanskegrad.

Grøn tur er den lettaste typen der postane er plassert langs sti og veg i lett parklignande terreng. Vanskegraden og utfordringane aukar gradvis via Blå tur, raud tur opp til svart tur. Og blir tida for kort eller turen for lang, så kan du dele turen opp i mindre delar og ta postane over fleire dagar.

## Turar 2021

| Kart/terreng        | Målestokk | Poster | Vanskegrad | Lengde | Samla stigning |
|---------------------|-----------|--------|------------|--------|----------------|
| Mo Landbruksskole   | 1:5000    | 7      | Grønn      | 2,3 km | 10 meter       |
| Halbrend-Flatene    | 1:5000    | 8      | Grønn      | 2,5 km | 50 meter       |
| Slåtten/Vieåsen     | 1:3000    | 8      | Grønn      | 1,7 km | 30 meter       |
| Langeland skisenter | 1:5000    | 7      | Grønn      | 2,0 km | 50 meter       |
| Jølster skisenter   | 1:7500    | 7      | Blå        | 3,5 km | 120 meter      |
| Masdalsgjerdet      | 1:10000   | 10     | Raud       | 5,2 km | 230 meter      |
| Viestølen           | 1:7500    | 8      | Blå/raud   | 4,8 km | 240 meter      |
| Langeland skisenter | 1:10000   | 10     | Raud       | 6,8 km | 240 meter      |

Turanes lengde og samla stigning vil sjølvstykke avhenge av kva for rekkefølge ein tek postane i.

Postane vil henge ute til 10. oktober. Feil på eller bortkomne postar bes meldt til Kurt tlf.95795169 eller Jostein tlf. 91395922

### Kjøp av kart:

Alle kart kan lastast ned frå nettet ved å registrere seg på [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no)

Ved nedlasting frå nettet får du ei PDF-fil og frå denne kan du skrive ut eit kart med innteikna postar og med kontrollkort på baksida.

Grøne turar kan lastast ned gratis. Dei andre karta kostar kr. 50,- pr. stk.

Har de ikkje mulighet for å skrive ut kart sjølv, kan de kjøpe tur-o pakke på IntersportFørde(Erdal Sport)Pris for heile pakken er kr. 200,-

Registrering av postar:

Kontrollkodane på postane kan du registrere på [turorientering.no](http://turorientering.no) Du kan ta bilde av postane eller skrive ned koden. Alternativt kan du sende utfylt kontrollkort til Jostein Fredly, Oliverlægda 14, 6810 Førde innan 20. oktober.

### Sesongavslutning:

Etter sesongen inviterer vi til sesongavslutning og premiering. Vi må ta atterhald om smittesituasjonen.

**Nærløp kvar onsdag:**

Førde IL orientering arrangerer i vår og haustsemester nærløp kvar onsdag kl. 1800. Her kan du velge alt frå enkel nybegynnerløype til krevande orientering for dei erfarne.

Liste over nærløpa ligg vedlagt i tur-o posen, eller du finn ho på <http://orientering.fordeidrettslag.no>  
Løpa er også annonsert i Firda kvar tirsdag(dagen før løpet).

**Turorientering på ski:**

Orienteringsgruppa vurderer å tilby turorientering også vinterstid, med ski på beina. Vi ser for oss ca. 10 postar på Langeland/Bringeland i tilknytning til lysløypene og løypene ti Fauskestølen og Gjøset.

Og i tillegg, 5-6 postar i anna terreng; f.eks.. Masdalsgjerdet/Digernesvatnet.

Men før vi evt. startar eit slikt tilbod, ber vi om di tilbakemelding; er det interesse for dette og har du gode råd. Tilbakemeldinga kan gis på heimesida til Orienteringsgruppa eller som melding til Kurt ( [kugroen@online.no](mailto:kugroen@online.no)) eller Jostein ( [jostein.fredly@enivest.net](mailto:jostein.fredly@enivest.net))